

**Vidar Haugland er vald til ny styreleiar i Uskedalen Aktivitetshus AS etter Eli Eiane. Dei andre i det nye styret er Janne Yri, Jan Berntsen, Bjarte Døssland og Erlend Moen medan Eli Eiane og Jorunn Grønstøl Myklebust sit i den nye valnemnda**

Årsrekneskapen som vart lagd fram på generalforsamlinga torsdag 27. juli synte at selskapet hadde eit negativt resultat på 3.803 kroner før skattekostnad i fjor medan det tilsvarande, negative resultat i 2004 var 9.011 kroner. Selskapet hadde 13.140 kroner i leigeinntekter (6.750 kroner året før) og 110.118 kroner i andre driftsinntekter (107.044 i 2004).

Selskapet fekk sju millionar kroner frå kommunen til oppføringa av huset. Aksjekapitalen består av 604 aksjar a 1.000 kroner. Uskedalen Idrettslag er størst aksjonær med 300 aksjar.